

DNMI

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT

klima

DATARAPPORT FRÅ 6143 ROMSDAL - ALNES FOR 1992

PER ØYVIND NORDLI

RAPPORT NR. 20/93 KLIMA



DNMI-RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO

TELEFON: (02) 96 30 00

ISBN
RAPPORT NR.
20/93

DATO
27.05.93

TITTEL

DATARAPPORT FRÅ 6143 ROMSDAL - ALNES FOR 1992

UTARBEIDDAV

Per Øyvind Nordli

OPPDAGSGJEVAR

MØRE OG ROMSDAL ENERGIVERK

SAMANDRAG

Rapporten gjev opplysninga om instrumentering på stasjonen 6143 Romsdal - Alnes og drifta av han gjennom året 1992. Til slutt følgjer eit kort utdrag av aktuelle data for driftsåret gjeve som grafiske framstillingar. Ny temperatur-normal for perioden 1961-1990 er dessutan rekna ut.

UNDERSKRIFT

Per Øyvind Nordli

Per Øyvind Nordli
SAKSHANDSAMAR


Bjørn Aune

FAGSJEF

DATARAPPORT FRÅ 6143 ROMSDAL - ALNES FOR ÅRET 1992

GENERELLE OPPLYSNINGAR:

Om stasjonen: Stasjonen ligg 62 m o.h. i Romsdalen, om lag 14 km sør-sør-aust for Åndalsnes, figur 1. Han vart sett i drift den 8. februar 1983 på den nordste av Alnes-gardane. Mælingane kom i stand etter initiativ frå Møre og Romsdal kraftselskap, noverande Møre og Romsdal energiverk som innleidde eit samarbeid med DNMI om drifta av stasjonen.



Figur 1 Kart over området ved Alnes.

Instrumentering:

Stasjonen har ei sentral registreringseinining, dataloggar, av type Aanderaa som loggar data (måler) kvar time gjennom heile døgnet. Data frå stasjonen blir lagra på magnetband som blir sende pr. post til DNMI for bearbeiding og permanent lagring. Instrumenteringa på stasjonen er gjeve i tabell 1.

Tabell 1 Instrumentering på stasjonen 6143 Romsdal - Alnes.

Følar	Høgd over bakken
Temperatur i luft	3 m
Temperatur i luft	10 m
Temperatur i elva	-
Vindfart	10 m
Vindkast	10 m
Vindretning	10 m
Vindfart	3 m
Vindkast	3 m
Relativ råme	3 m

Omframt det som er nemnt i ramma over, er det kopla til ei kontrollklokke for å lette tidsbestemminga av data.

SISTE DRIFTSSESONG, 1992:

Inspeksjonar: Stasjonen vart inspisert i samsvar med kontrakten den 1. juni 1992. Temperaturfølaren vart kalibrert i felten i temperaturområdet 0°C til 33°C. Vinsfarts-følaren var testa spesielt og alle andre følarar vart kontrollerte og ettersette.

Stasjonsanlegget: Anlegget er no 10 år gammalt og systemet er difor ikkje av dei mest moderne. Det er enno i bra stand, men det bør vurderast å skifte ut masten og legge opp eit nyare system. Dette er særleg på grunn av dataloggaren som no fungerer dårlig i kulde, sjå under.

Følarane: Alle følarane fungerte tilfredsstillande. Likevel mista vi vasstemperaturdata fram til den 24. mars på grunn av at følaren var kopla frå anlegget på grunn av ei mistyding.

Dataloggaren: Også dette året har hovudinstrumentet hatt nokre kortare driftsstoggar, sjå datarapport for 1991 da ein trudde årsaka kunne vera ein defekt vindfølar. I november 1991 var følaren som kjent bytt ut utan at problemet er løyst. Ved å analysere driftsstoggane i 1992, finn ein at dei utan unntak har kome under eller like etter kuldeperiodar, tabell 2. Frå produsenten er ikkje loggaren garantert å verke lengre ned i temperatur enn til -4°C. Det bør difor kjøpast inn ein ny type loggar som toler lågare temperaturar.

Tabell 2 Driftsstoggar på stasjonen i 1992.

Driftsstogg:
16.-19. februar
15.-16. mars
16.-17. oktober
21.-23. oktober
31. oktober
16.-18. november
21.-23. november

Under driftsstoggane vart det lagt ned eit større arbeid for å interpolere temperaturen slik at månadsmiddel-temperaturar i alle månader kunne finnast. Dei andre værelementa vart ikkje interpolerte under driftsstoggane.

UTREKNINGA AV TEMPERATURNORMALAR.

Som referanse-verdiar for meteorologiske data er det definert såkalla normalperiodar på 30 år. Den normalperioden som no er gjeldande femner åra 1961-90. Dermed har ikkje denne stasjonen gått heile normalperioden, men normal for stasjonen kan likevel finnast ved å jamføre med nabostasjonar.

Ved hjelp av driftsperioden til stasjonen, åra 1983-1992 vart det funne lineære regresjonslikningar mellom månadsmiddel-temperaturane på stasjonen og to andre datarekker som er komplette i normalperioden 1961-90. Regresjonslikningane vart så brukt til å generere eit datasett for stasjonen i heile normalperioden. Dei to datarekjkjene (prediktorane) var 6050 Tafjord og dessutan ein kombinasjon av 6115 Gjermundnes og 6117 Hjelvik i Romsdal. I appendiks I er vist den genererte datarekka fram til feb. 1983, deretter den observerte. Spesilet interesserte kan der finne dei regresjonslikningane som vart nytta.

Tabell 3 Normal lufttemperatur for 6143 Romsdal - Alnes for perioden 1961-1990 basert på observasjonsperioden 1983-1992.

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
-1,6	-1,1	1,5	4,5	9,9	12,5	13,5	13,3	10,0	7,0	1,9	-0,9	5,9

KORT OVERSYN FOR INNKOMNE DATA I 1992:


Temperatur:

På figur 2 er vist korleis temperaturen har variert gjennom året både for middelverdiar og ekstrem, medan figur 3 viser månadsmiddelverdiane jamførte med normalane for perioden 1961-90.

Vinteren. Årstida var svært mild med temperaturar langt over det normale. På Alnes var det om lag 3°C mildare enn normalt både i januar og februar, figur 3. Både i januar og februar er normalen under 0°C , men i 1992 hadde både månadene middeltemperaturar over 0°C , figur 2.

Våren: Det milde været heldt fram også i mars. Dette hindra ikkje at månaden truleg hadde den lågaste, observerte temperaturen i 1992, $-10,3^{\circ}\text{C}$ den 15. At dette verkeleg var den lågaste er likevel ikkje heilt sikkert sidan dataloggaren svikta i kuldebolkane og dei interpolerte data er hefta med ei monaleg uvisse.

Middeltemperaturen i april var svært nær normalen, medan mai tok til med kjøleg vær, men den 14. sette det inn med varme som vara ved heilt til den 14. juni. Det førte til at mai fekk ein middeltemperatur om lag 2°C over normalen, figur 3. Temperaturopgangen om ettervinteren og våren vart difor mykje slakkare enn normalt dei fire første månadene i året for så å få ei bratt stigning i mai, figur 2.




Figur 2 Temperaturgangen gjennom 1992. Forklaring:

- Månadsmaks. - Høgste temperatur i månaden
- Middel, døgnmaks.- Månadsmiddel døgnmaksimum
- Middeltemperatur - Middeltemperaturen i månaden
- Middel, døgnmin. - Månadsmiddel av døgnminimum
- Måndsmin. - Lågaste temperatur i månaden

Sommaren: Vesentleg på grunn av varmen i første del av juni, vart middeltemperaturen i månaden $15,0^{\circ}\text{C}$ som er heile $2,5^{\circ}\text{C}$ over normalen. Juli og august var derimot kaldare enn normalt

slik at middeltemperaturen for heile sommaren kom til å liggje svært nær normalen. Den varmaste sommardagen var den 11. juni med ein maksimumstemperatur på 30,7°C.

Haust og tidleg vinter: Det mest spesielle med hausten er den kalde oktober-månaden som på Alnes var heile 5°C lågare enn normalen. Så store temperaturavvik den månaden eksisterer svært sjeldan (for Alnes var standardavviket i oktober 1,8°C i normalperioden). Vi ser av figur 2 at middeltemperaturen er nær den same i oktober, november og desember, om lag 2°C. Den årlege kurva vart dermed liggjande langt frå normal-kurva denne hausten med ein brå temperaturnedgang frå september til oktober for deretter å vera "flat" resten av året.




Figur 3 Normal lufttemperatur 1961-90 (venstre akse) og temperaturavviket i 1992 fra normalen (høgre akse).

Vind:

Middelvinden på stasjonen er vist på figur 4 saman med månadsmiddelet av det høgste timesmiddelet i døgnet og dessutan det absolutt høgste timesmiddelet i månaden. Vinden har ein årleg gang, sterkest om vinteren og hausten, veikast om sommaren. Unntaket er januar der middelvinden i 1992 var uvanleg veik.

Om vinteren kan det vera sterkt vind både på grunn av uroleg vær med mange lågtrykk som passerer utanfor kysten, men også på grunn av (eller i kombinasjon med) drenerings vind frå det kalde innlandet til kysten. Denne vinden har vore så særmerkt at han har fått sitt eige lokalnamn, skjelle. Om det er nesten stilt i dalbotnen på Lesja, bles det på stasjonen. Sidan

vintermånadene har vore mildare og himmelen ofte har vore dekt av skyer, synest skjella å ha gjort seg sjeldnare gjeldande på stasjonen dette året enn vanleg.



Figur 4 Middelvind for 6143 Romsdal - Alnes i 1992.

APPENDIKS I.

Ved hjelp av stasjonane 6050 Tafjord og 6115 Gjermundnes/6117 Hjelvik i Romsdal vart perioden 1961.01 til 1983.02 interpolert ved hjelp av multiple regresjonsanalyse. Interpolasjonane vart dessutan for vintermånadene kontrollerte ved å bruke 6177 Lesjaskog som fri variabel i perioden 1976-82.

Ved hjelp av denne metoden vart eit komplett datasett generert for normalperioden 1961-90. Resultata finst i tabell 1.

Tabell 1 Estimert og observert middeltemperatur på 6143 Romsdal - Alnes i perioden 1961-1992. (Estimerte verdiar er sett med kursiv).

STNR	ÅR	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
6143	1961	-2.5	3.0	3.3	5.0	9.1	12.4	13.0	12.6	12.8	10.7	4.6	-2.1	6.8
6143	1962	.9	-1.1	-2.7	4.0	8.1	10.3	12.6	12.3	10.0	7.6	1.1	-2.1	5.1
6143	1963	-4.3	-5.6	.8	6.2	11.3	14.3	13.0	15.0	10.3	7.7	1.9	-.7	5.8
6143	1964	.4	-.6	1.9	5.8	10.2	11.0	12.4	12.0	8.4	6.5	1.4	-.4	5.8
6143	1965	-2.1	-1.1	.2	6.3	8.6	12.3	12.2	12.3	11.4	7.1	-.9	-5.4	5.1
6143	1966	-4.1	-6.0	1.1	2.6	8.9	14.7	13.0	12.9	8.7	7.0	2.1	.1	5.1
6143	1967	-3.6	1.2	2.5	4.0	9.8	11.1	13.0	12.8	11.5	6.8	4.8	-2.2	6.0
6143	1968	-2.9	-3.1	.7	3.4	7.6	12.5	13.5	13.6	11.7	5.5	-.7	-2.6	4.9
6143	1969	.4	-6.0	-1.8	6.0	10.2	14.5	13.8	17.1	9.8	7.9	-.6	-2.1	5.8
6143	1970	-2.5	-4.9	-.3	2.6	10.5	14.9	13.3	14.5	10.1	6.8	.6	-1.3	5.4
6143	1971	-.3	1.8	-.4	4.3	11.3	11.4	13.1	13.7	9.5	6.2	.1	1.9	6.0
6143	1972	-2.4	-1.0	3.5	5.8	11.1	13.5	15.4	13.2	8.2	6.7	1.6	5.0	6.7
6143	1973	2.9	-.5	3.8	1.8	9.3	11.9	14.6	12.3	10.1	4.2	-.4	-1.1	5.7
6143	1974	4.1	2.2	3.0	5.7	10.3	13.3	12.6	13.0	11.9	4.6	2.9	1.7	7.1
6143	1975	2.0	2.1	2.4	4.1	8.5	11.0	13.6	14.5	10.6	7.1	4.2	.0	6.7
6143	1976	-3.1	.7	.2	3.4	11.5	12.2	13.7	13.2	7.0	8.4	3.6	-3.1	5.6
6143	1977	-2.4	-3.8	3.2	2.8	8.7	11.1	12.7	13.3	8.3	9.6	2.0	2.3	5.7
6143	1978	-.7	-4.5	2.2	4.0	10.5	13.5	14.2	13.2	9.0	6.5	2.8	-5.4	5.4
6143	1979	-4.3	-2.7	1.7	4.9	8.7	13.3	12.4	12.7	9.1	6.7	2.2	-2.0	5.2
6143	1980	-2.8	-1.2	1.0	5.0	9.2	14.4	14.9	13.9	11.3	4.6	-1.1	-1.6	5.6
6143	1981	-2.0	-2.1	.8	3.5	11.9	10.6	13.0	12.3	12.8	6.4	1.4	-7.2	5.1
6143	1982	-3.1	2.9	4.8	4.2	9.6	11.7	14.5	14.3	11.1	9.0	3.9	.2	6.9
6143	1983	-.3	-1.8	1.6	4.8	10.8	11.1	13.8	12.4	11.0	6.2	1.6	1.1	6.1
6143	1984	-4.4	.6	-.7	6.0	11.2	11.7	13.5	13.0	9.7	7.7	4.8	2.4	6.3
6143	1985	-4.9	-3.8	1.4	3.5	10.4	12.5	14.4	14.0	8.0	7.8	-1.9	-3.1	4.9
6143	1986	-5.4	-5.8	4.4	2.9	11.3	13.8	13.4	12.5	7.2	8.2	4.9	-.8	5.5
6143	1987	-6.2	-1.4	-.9	6.6	8.2	11.0	14.0	12.0	9.4	10.5	2.5	-.6	5.4
6143	1988	1.2	.4	-.8	2.3	10.7	12.8	15.7	13.5	11.2	6.3	1.0	.3	6.2
6143	1989	3.2	2.7	4.2	6.5	8.9	12.4	13.0	12.6	10.6	6.4	4.2	-.7	7.0
6143	1990	1.6	5.4	3.2	6.4	9.1	14.4	13.4	14.0	9.3	7.9	2.3	1.3	7.4
6143	1991	1.4	-2.3	4.4	6.7	7.2	10.8	15.5	14.5	9.7	5.8	3.8	2.1	6.6
6143	1992	1.6	1.9	3.5	4.3	11.8	15.0	12.7	12.6	11.8	2.1	2.1	1.6	6.8

NORMAL FOR PERIODEN 1961-90

JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
-1.6	-1.1	1.5	4.5	9.9	12.5	13.5	13.3	10.0	7.2	1.9	-.9	5.9

Regresjonslikningane som vart brukte var er vist i tabell 2.

Tabell 2 Regresjonslikningar brukte under regresjonen.

MÅNAD	A	B	C	MR	ST.DIF	OBS.
Januar	-1.933	.587	.507	.965	.826	7
Februar	-1.879	.317	1.020	.971	.774	9
Mars	-1.207	.331	.895	.971	.522	10
April	-.704	.499	.594	.994	.176	9
Mai	-.686	.460	.650	.991	.328	9
Juni	-.533	.571	.493	.997	.238	9
Juli	-.209	.495	.524	.999	.166	9
August	-.027	.379	.617	.999	.220	10
September	-.064	1.063	-.109	.998	.218	10
Oktober	-.568	.826	.150	.988	.446	10
November	-1.887	.633	.455	.991	.270	9
Desember	-2.601	.819	.427	.970	.336	7

Forklaring til kolonnane:

- A Konstantleddet i regresjonslikninga
- B Koeffisient for Tafjord
- C Koeffisient for Gjermundnes/Hjelvik
- MR Multiple regresjonskoeffisient
- ST.DIF Standardavvik i differansen mellom observert og estimert middeltemperatur på Alnes
- OBS. Talet på observasjonar som grunnlag for regresjonen